



Saksmappe: 2020/273
Sakshandsamar: SLS
Dato: 28.05.2024

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
59/24	Plan, miljø- og ressursutvalet	04.06.2024
54/24	Kommunestyret	19.06.2024

Vedtak av meklingsresultat av kommuneplanen sin arealdel

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret vedtar resultatet av dialog og mekling med Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder slik det går fram av protokoll frå mekling 17.04.2024. Resultatet blir lagt til grunn for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 59/2024 i møte den 04.06.2024:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtar resultatet av dialog og mekling med Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder slik det går fram av protokoll frå mekling 17.04.2024. Resultatet blir lagt til grunn for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Kommunestyret si handsaming av sak 54/2024 i møte den 19.06.2024:

Handsaming:

Plan, miljø- og ressursutvalet si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Kommunestyret vedtar resultatet av dialog og mekling med Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder slik det går fram av protokoll frå mekling 17.04.2024. Resultatet blir lagt til grunn for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

- 1 KPA_Bygland_Protokoll_Mekling_17042024.pdf
- 2 Referat frå dialogmøte 09.02.2024
- 3 Referat frå dialogmøte om motsegn til planforslag - Statsforvaltaren i Agder
- 4 Trekking av motsegn B04 Vassend

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

Bakgrunn for saka

Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder fremma motsegn til kommuneplanen sin arealdel ved 1. gongs høyring.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova § 5-4.

Vurderingar og konsekvensar

Motsegn til høyringsforslag

Forslag til kommuneplanen sin arealdel var på 1. gongs høyring i perioden 7. juli til 28.september 2023.

Agder fylkeskommune fremma motsegn til 3 område og Statsforvaltaren i Agder fremma motsegn til 4 område. To av motsegna var samanfallande.

Alle motsegna var grunngitt med konflikt med nasjonale mål om ivaretaking av dyrka mark.

Formålsområde	Agder fylkeskommune	Statsforvaltaren i Agder
KBA01 Austadneset	motsegn	motsegn
B03 Sandnes	motsegn	motsegn
B04 Vassend		motsegn
B05 Frøysnes		motsegn
NÆ02 Bø	motsegn	

Dialog og mekling

Det vart gjennomført dialogmøte mellom kommunen og Agder fylkeskommune 9. februar 2024. Resultatet av dialogmøtet var at Bygland kommune stadfesta at motsegna til område B03 Sandnes blir tatt til følgje etter ei samla vurdering av samfunnsnytte. Agder fylkeskommune trekte motsegna til område NÆ02 Bø med føresetnad at næringsområdet blir avgrensa til 500 m2. Området KBA01 Austadneset gjekk vidare til mekling.

Det vart gjennomført dialogmøte mellom kommunen og Statsforvaltaren i Agder 16. februar 2024. Resultatet av dialogmøtet var at Bygland kommune stadfesta at motsegna til område B03 Sandnes blir tatt til følgje etter ei samla vurdering av samfunnsnytte. Statsforvaltaren trekte motsegna til B04 Vassend grunna tidlegare disponeringar som er gjort i området med fradeling og oppmåling. Områda KBA01 Austadneset og B05 Frøysnes gjekk vidare til mekling. Referat frå dialogmøta og brev frå Statsforvaltaren med trekking av motsegn ligg vedlagt.

Det vart gjennomført felles meklingsmøte 17. april 2024 med alle tre partane som resulterte i ei omforeint løysing av dei to områda som gjekk til mekling, KBA01 Austadneset og B05 Frøysnes. Motsegna til KBA01 Austadneset vart trekt med føresetnad om at området vart delt i to med ulike arealformål og føresegner som spesifisert i meklingsprotokollen. Motsegna til B05 Frøysnes vart tatt til følgje med protokolltilførsel om at det kan bli gjort ei ny vurdering av området når reguleringsplan for rv9 på Frøysnes er vedtatt. Meklingsprotokoll ligg vedlagt.

Samla resultat

Formålsområde	Resultat
KBA01 Austadneset	Motsegna er trekt med vilkår jf. protokoll frå mekling 17.04.2024
B03 Sandnes	Motsegna er tatt til følgje jf. referat frå dialogmøte 09.02.2024
B04 Vassend	Motsegna er trekt jf. brev frå Statsforvaltaren i Agder datert 05.03.2024
B05 Frøysnes	Motsegna er tatt til følgje jf. protokoll frå mekling 17.04.2024
NÆ02 Bø	Motsegna er trekt med vilkår jf. referat frå dialogmøte 09.02.2024

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at resultatet av dialog og mekling med Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder blir vedtatt slik det ligg føre i meklingsprotokollen, og at dette blir lagt til grunn for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Bygland, 23.05.2024

Kommunedirektør